



Referat frå styremøte i styret for Betel måndag 8. juni 2015

Til stades:

Oddvar Hægeland (2015-2017)

Øystein Kvamme (2015-2016)

Sigrid T. Lofstad (2015-2017)

Sigrun Lønning Solvang (2015-2017)

Øystein las frå Familie & Medier til opning (men gløymde kaffien ...).

Sak 20/15: Godkjenning av referat frå styremøte 29. april 2015

Referatet blei godkjent.

Sak 21/15: Oppsummering Godhetsveka 2015

Det er ikkje halde evalueringsmøte i komitéen for Godhetsveka enno. Vi frå Betel kom litt seint inn, men blei godt involverte. Det var ei positiv oppleving sjølv om det blei mykje jobb for dei som var med. Mange var takksame for den hjelpa dei fikk. Dette har vi lyst å vere med på neste år, og ein frå styret må vere med i felleskomitéen.

Gudstenesten på søndag fungerte veldig godt.

Sak 22/15: Leiarar for Fredagsklubben og TenTro til hausten

Fredheim ønskjer fleire leiarar for Fredagsklubben frå hausten av. Dette er forståeleg så lenge det skal vere eit samarbeidsprosjekt. Vi vil gjerne vere med i dette arbeidet og vere med å forme det. Sigrun L. Solvang og Øystein Kvamme kan tenkje seg å vere med i dette arbeidet. Sigrun skal vere med på eit evalueringsmøte 17. juni.

Når det gjeld TenTro, har vi tre frå vår forsamling som kjem til å vere med å følgje undervisinga her. Styret arbeider med å finne ein mogleg leiar frå Betel.

Sak 23/15: Møteplan for hausten

Det er lagt opp søndagstreff til hausten (23/8, 6/9, 20/9, 11/10, 1/11, 22/11, 6/12 og 20/12). Vi startar i slutten av august, og talarane er snart på plass. Kollisjonar med andre arrangement er ikkje til å unngå, men det er tatt omsyn så langt det lar seg gjere. Felles songmøte og felles temamøte med dei andre menigheitane er òg på plass. Desse blir søndag 27/9 og søndag 15/11.

Jubileumsmarkeringa for Betel blir søndag 25/10 som også er DNM-dagen.

Vi legg opp til menigheitsmøte tidleg i terminen der vi ønskjer innspel til vegen vidare for menigheiten 30/8 kl. 18. Elles blir det Bøne- og vitnemøte 4/10 kl. 18. og Nattverdmøte 18/10 kl. 18.

29/11 kl. 18 blir det ei adventssamling for alle, store og små.
Vi arbeider for å få til ein konsert 8/11.

Oddvar lagar ei full møteliste.

Elles er det viktig å invitere med folk som ikkje har noko menigheitstilhøyrse.

Sak 24/15: Infosaker

Talarstol og minglebord: Det blir arbeidd med saka og møblane blir bestilt snart.

Orientering frå jubileumskomiteén:

Det blir diskutert om ein skal ha eit arrangement på laurdagen. Uansett blir det jubileumsfeiring søndag 25/10 kl. 11. Styret ønskjer framleis at det blir laga noko skriftleg til jubileet.

Orientering frå fellesmøtekomiteén:

Det kjem eit forslag frå komiteén om endring av mandatet som skal ut til høyring blant menigheitene.

Sak 25/15: Eventuelt

Styremøte til hausten: 19/8, 9/9, 28/10 og 2/12. Alle møta er klokka 18 på Betel.

Neste styremøte er 19/8. Oddvar stiller med opning og kaffe.

Oddvar Hægeland, sekretær